

## REFERANSAR

*Inspiration exists, but it has to find us working.*

*- Pablo Picasso*

Diplomoppgåve vår 2012 - Inger Johanne Fagerli  
Rådgjevarar Svein Skibnes og Eli støa

INSPIRERANDE PROSJEKT




## Bispevika - Struktur, vatnet som viktig element

“Vandkunsten introduserer punkthus med tre grunntyper som varieres i høyder. Husene er dreid i forhold til hverandre slik at det oppstår ulike rom mellom dem. Mange av husene henvender seg både til den offentlige promenaden og til et indre vannareal. Det anlegges en gjennomgående rolig kanal som også inngår i boligenes halvprivate uteoppholdarealer.”

Måten vatnet spelar ei vesentleg rolle, og er eit strukturerande element i planen har vore ein inspirasjon for meg.

NAV135 SEE YOU IN ODDA

ODDA, NORWAY - 3



NAV135 SEE YOU IN ODDA

ODDA, NORWAY - 2



## European 8 i Odda - typologi og struktur

Under European 8 i Odda kom det inn eit forslag, See you in Odda. Dette har eg aldri heilt klart å gløyma. Strategien var heilt motsett av alle dei andre forslaga. I staden for å laga ein superstruktur har dei teke staden sin typologi, ein bustaden og formspråket hans, og brukt denne til å laga ein ny struktur og ny bydel i Odda. Med første augnekast virka det ikkje så originalt, men eg synt at dei har tolka staden på ein fin måte og at resultatet er inspirerende og fascinerande. I dette forslaget følar eg at dei har teke staden og røynda på alvor.





Georgiernes verft Bergen - offentlig/Privat

Dette prosjektet er interessant med måten offentlig og private er vevd saman. Her har badeplassen vorte ein svært attraktiv stad for alle, ikkje berre bebruarane, sjølv om dei ligg heilt tett på.



## Pilestredet park Oslo - uteområde

Pilestredet er ei øy i byen. Det er eit bilfritt område med stort fokus på utforming av uteområde. Her er det alternative leikeplassar som er ein integrert del av heile konseptet. Det er ei grøn lunge.



## Solsiden i Trondheim - bevaring av eksisterande strukturar

På solsiden er det mange ting som skjer på ei gang, men folk oppfattar det som eit heilskapeleg og triveleg område. Her står det att strukturar som minnar om tidlegare bruk, mellom anna den store krana, i tillegg står mange av dei gamle bygga framleis, men med nytt innhald. Rundt det gamle er det eit konglomerat av nye strukturar med kontorlokalar, skule, sjukehus og mange bustadar. Området vert opplevd som levande.



## Amsterdam - bygningar og sjøen

Amsterdam er ein spanande by. Med tanke på bygg, teknologiar og strukturar i vatn er det ei skattekiste. Nederlendarane har ikkje den luksusen at dei ikkje kan bygga i sjøkanten og har difor utvikla både svært høgteknologiske og tradisjonelle måtar å takle sjøen på. Det er gjort med forskjellige uttrykk og materialar.





## Hytte Koster - utrykk og materialar

Hytta teikna av Arne Henriksen er inspirerende med tanke på form og farge. Det er brukt ospepanel på veggane og zink på taket. Karmene på vindauga er olja, noko som gjer at dei skil seg markant frå veggen, men likevel passar inn i heilskapen, hytta og omgjevnadane.



## Elliot Ripper House - Blanding mellom nytt og gammalt

Huset, som ligg i Sydney, teikna av Christopher Polly er eit ifyllingsprosjekt som er svært interessant med tanke på blandinga av "klassiske" opningar, som vindaugnet på kjøkkenet, og større, meir moderne glasfelt.






## School Farm - Den skarpe formen

Bygningane teikna av Felipe Grallert Architects er meint som ei tolking av historia til den vesle byen Los Lagos, Chile. Det eg synes er interessant er korleis ein kan forenkle ei form, og framleis kjenne ho att, og at det “moderne uttrykket” kan ha fleire former.



## FORSLAGA FRÅ ARKITEKTKONKURRANSEN OM HOLMEN





1:

Arkitektkontoret Snøhetta sitt forslag. Biletet viser ikkje anna enn ein tanke kring volum på Holmen. I dette prosjektet har dei fokusert på offentlege parkar, badeanlegg og å ta vare på krana. Tanken er óg at det hovudsakleg skal byggast i tre. Det er det programmessige eg synest er interessant i dette forslaget. Elles synes eg volumna, til liks med Skaara sitt forslag er for massive i framtoning.

2:

Skaara arkitekter frå Oslo sitt forslag. Det står lite om prosjektet på deira sider, men ein kan sjå at strategien har vore å fri seg heilt frå den gamle bystrukturen å laga ein "monolitt" på Holmen. Dei har elles teke vare på både fiskemottaket og Risør Sjøsender.



Holmen, Risør Competition


Gudmundur Jonsson Arkitektkontor

Det som er spanande med dette forslaget er at sjølv om det har eit svær utypisk formspråk for bygningar på land, meiner eg likevel at dette er eit av forslagena som kunne passa i Risør. Ikkje av di det glir så lett inn i omgjevnadane, men det har i alle fall noko med Risør å gjera. Det har båten som tema og det er i aller høgaste grad aktuelt. Om dette forlaget ville blitt “godkjent” av innbyggerane i Risør er eg ikkje så sikker på, men eg liker humoren og at dei har følgt konseptet heit ut!



## Kritt Arkitektar

Dette forslaget var i utgangspunktet det vinnande forslaget for Holmen. Forslaget baserer seg på, slik situasjonsplanen viser, kvite volum med eit formspråk som visualiseringa viser. Det har likevel skjedd store endringar i etterkant av konkurransen og det har komme nye arkitektar og eit nytt forslag.



Peter Bogen Arkitektar

Det er dette forslaget som skal opp i bystyret og kanskje godkjennast i mai 2012. Det blir spanande å sjå kva resultatet blir.

Sjå artikkel om prosjektet i Aftenposten:

<http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/Risor-kan-fa-sin-egen-barcode-6814268.html#.T5hqEsR1Cw4>





BILETE FRÅ RISØR











